

SAK 10/25 VIDARE DRIFT AV ETABLERERTENESTA ETTER 2025

Saksopplysning:

Hallingdal Etablererteneste vart etablert i 2002, er no organisert under Regionrådet og er finansiert av kommunane i Hallingdal (87%) og Buskerud Fylke (13%). Avtale med fylket om medfinansiering av tenesta går ut dette året, men Buskerud har signalisert at dei vil invitere kommunane med på ei ny avtale frå 1. januar 2026. Detaljane og innhaldet i denne avtala er ikkje kjent, men me tek utgangspunkt i at fylket sin del av finansieringa av etablerertenesta, blir omlag som i dag. Det er i dag budsjettmidlar til ei 100% stilling i etablerartenesta, men vedkommande som jobbar der no har 70 % fast stilling og 30 % midlertidig stilling.

Hallingdal Etablersenter gir uavhengig og gratis rettleiing til personar i Hallingdal som:

- vil starte eigen forretningsverksemd
- søker råd om finansiering og forretningsplan i etableringsfasen
- ynskjer å vidareutvikle eigen forretningside
- søker kontakt med andre gründarar eller andre næringslivsaktørar (nettverk)
- treng råd og tips om nyetablert virksomhet

Nesbyen kommune har vedtak om at dei vil ut av noverande avtale om etablerarteneste og ein annan kommune har sendt signal om at dei er usikre på vegen vidare. Denne saka er derfor starten på ei avklaring om vidare samarbeid om næringsutvikling i Hallingdal generelt og om etablerartenesta i Hallingdal spesielt. Kva skjer frå 2026?

Det er ynskjeleg med tidleg avklaring på dette spørsmålet - mest fordi leiaren av tenesta treng avklaringar om framtida, men også fordi næringsliv, og alle som jobbar med næringsutvikling treng forutsigbareheit.

Vurdering.

Etablerartenesta har saman med kommunane sine næringsrådsgjevarar, Hallingdal Næringshage og Sats på Hallingdal, samt lokale og regionale støtteordningar vore viktige bidragsytarar til regional næringsutvikling i ei årrekke. No når omstillingsprogrammet er avslutta og det dei totale ressursane som blir nytta til næringsutvikling er under press, er det naturleg å drøfte korleis ein skal samarbeide om næringsutvikling i Hallingdal og korleis ein skal vidareføre etablerartenesta.

Kor mykje ressursar den enkelte kommune brukar på næringsutvikling og på oppfølging av nyetablerarar varierer, men det at kommunane legg til rette for gode rammevilkår for næringsliv og nyetablerarar er svært viktig for både nærings- og bustadattraktiviteten i regionen. Etablerartenesta får svært gode tilbakemeldingar frå dei som nyttar tenesta. Det viser seg også at svært mange av prosjekta som får starthjelp frå etablerrartenesta, resulterer i oppstart av ei bedrift. (sjå vedlegg) Me har dessverre ikkje tal på kor mange som er i drift året etter eller 5 år etter etablering.

Næringslivet er i liten grad opptatt av kommunegrenser og ei bedrift i ein kommune kan ha tilsette i nabokommunane. Derfor har me fleire regionale aktørar og ordningar som jobbar parallelt med dei lokale for å stimulere næringsliv og utville næringssamarbeid. Sats på Hallingdal har vore ei slik ordning, som no er i ferd med å avslutte. Hallingdal næringshage er ein regional aktør, som yter tenester til 60-70 målbedrifter og skapar ei rekke arrangement for næringslivet. Næringsforum er eit nettverk for regional næringsutvikling og etablerartenesta gir

råd til nyetablerarar i Hallingdal. Hallingdal har i sin regionplan sagt at ein vil etablere eit tettare og meir formalisert samarbeid rundt det regionale næringsarbeidet. Me trur at det er summen av alle desse ordningane, saman med næringa sin eigen innsats, som gir resultat i form av arbeidsplassar og verdiskaping. Ein bør derfor ikkje kutte innsatsen til næringsutvikling utan å tenkje på konsekvensane, sjølv om ein er delvis avhengig av kommunal finansiering for å få til etablererteneste og næringsutvikling. Telemarksforskning har sett på kva verdiskaping ein får av dei midlane som vert nytta til etablerarrådgjeving, og hevdar at 1 kr inn gir 9 kr tilbake i form av rein verdiskaping.

Skal etablerartenesta fortsette? Blir alle kommunane med vidare? Vil ein eller fleire kommunar ut av ordninga – og korleis skal ev Hallingdal rigge seg eller reagere om dette skjer? Dette er sentrale spørsmål som me ynskjer svar på så snart det lar seg gjera.

Det er usikkert når fylket kjem med sitt forslag til ny avtale om medfinansiering, men forslag til vedtak tar høgde for ei finansiering ikkje ulik dagens nivå

Forslag til vedtak:

Regionrådet ber vedtek kommunane innan 1. juni 2025 avklare om ei ynskjer å delta vidare i eit samarbeid om etablerartenest i Hallingdal, eller om ein ynskjer å ordne dette på anna vis.

Hallingdal, 13. februar 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Tal og statistikk

Hallingdal Etablerersenter

- 2024: 90 prosjekter og 29 deltakere i Hallinggründer. 375 timer veiledning (4,1 t/snitt) 43% kvinner
- 2023: 89 prosjekter og 12 på etablererkurs: 12) 335 timer veiledning (3,9 t/snitt)
- 2022: 58 prosjekter (etablererkurs: 12)

Under er ein tabell som viser kor mange personar/idear som har fått rådgjeving i etablerartenesta dei siste åra.

	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå	totalt
2025	2	8	4	5	3	1	23
2024	15	28	18	18	9	2	90
2023	14	23	17	10	19	6	89
2022	15	16	13	7	5	2	58
2021	13	18	12	20	4	3	70
2020	11	14	13	28	9	5	80

Målrettet satsing og fokus på næringsetablering og utvikling hjelper, vi tror tallenes tale er et resultat av dette.

Hallinggründer


- 29 deltakere i 3 grupper. Ønsker å starte gruppe 4
- God geografisk spredning

Innovasjon Norge, Gjensidigestiftelsen og Ål Kommune har bidratt med 345.000,- for drift i 2025

Tilbakemeldinger spørreundersøkelse:

Hadde du nytte av hjelpen fra Hallingdal Etablerersenter?

● Mye	10
● Litt	2
● Nøytralt	0
● Lite	0
● Ingen	0



Hvor mye hjelp fikk du?

Masse
Har vært på flere møter, og fått god oppfølging underveis
Litt mentor/samtale hjelp.
Gode råd om etablering, etablererkurs, noe 1-1 oppfølging, nettverk gjennom hallinggründer
Eg har støtta meg jamnt på etablerersenteret sidan eg starta som grunder med m.a. etablererkurs, spørsmål og nettverk. Eg fekk spesielt stor nytte av hjelpa når me skulle starte eit AS saman med 3 andre som følgje av ein ide frå eit innovasjonskurs.
ca 4 timer
God hjelp når jeg trengte det
Veldig mye. Fra oppstart og oppfølging.
Fikk hjelp med det jeg spurte om
Fikk tilsendt mal på forretningsplan og 1:1-møter for avklaringer og videre fremdrift. Hele prosessen ble tryggere med god veiledning og rådgivning.
Jeg trengte den lille ekstra pushen og motivasjonen til å starte, dette nailet Erik!
Hadde god og jevnlig kontakt med Erik Leander Paule hele veien. Både gjennom møter og på telefon.

Startet du firma?


- Ja 11
- Nei 1

Er firmaet fortsatt i drift?


- Ja 12
- Nei 0

Hvor sannsynlig er det at du vil bruke oss i fremtiden?


- Svært sannsynlig 6
- Veldig sannsynlig 4
- Noe sannsynlig 2
- Ikke så sannsynlig 0
- Ikke sannsynlig i det hele tatt 0




Hvor sannsynlig er det at du anbefaler oss til andre?



Hvor gammel er du?



Hvilke kommunehører du til?



Har du flere kommentarer eller tilbakemeldinger til oss?

En veldig god hjelp for å finne ut av hvilke støtteordninger som finnes og hvordan søke på disse.

Stå på videre, de er kjempeviktige for hjelp og videre stimulering og tilrettelegging for nyeetableringar i Hallingdal, og ein viktig årsak for det spanande næringsmiljøet som er der. !

Uvurderlig viktig for utvikling og oppstart av småbedrifter.

Supert å ha Nina og Erik som heier når man satser for fullt :)

Bare stå på! Fantastisk tilbud

Vil takke Erik Leander Paule for god oppfølging. Han har vært en veldig positiv pådriver under prosessen, og kommet med mang nyttige tips.